

Årsmelding 2025

Styret.

Knut Johan Mikkelsen leiar (vald for 1 år 2025)
Atle Øen nestleiar/ skrivar (vald for 2 år i 2025)
Kurt Grønli forretningsfører/ kasserar (vald for 1 år i 2025)
Helge Kjølstad varamedlem (vald for 1 år i 2025)

Andre verv.

Jan Gunnar Løland revisor
Valnemnd i perioden har vore:
Oddny Rosenlid leiar (vald for 2 år i 2023)
Magni Grimeland medlem (vald for 2 år i 2024)
Anlaug Midtbø medlem (vald for to år 2025)

Medlemmer.

31.12.2025 var det registrert 104 medlemmer mot 105 i 2025. Ved slutten av 2025 hadde vi 43 aktive kursmedlemmer.

Årsmøte.

Seniornett Førde hadde årsmøte 13. mars 2025 på Musikkrommet i Førdehuset.

Styrearbeid og aktivitetar.

Styret har halde 4 styremøte og handsama 24 saker. Protokollar frå møte er publisert på seniornett.no. Styret har halde 2 arbeidsmøte i samband med årsmøte.

Vi har elles hatt kontakt på e-post og telefon.

Styret har i samarbeid med instruktørane arbeid for å rekruttere fleire instruktørar. Vi har fleire namn på lista, men ingen som er villige til i binde seg for heile kurs kvar veke. Styreleiar møtte på landsmøte for Seniornett på Gardermoen 22.-23. mai 2025.

Økonomi.

Seniornett Førde har en trygg økonomi.

Digital Festival 2025

Digital Festival er eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett Førde, Førde bibliotek og Førde Friskliv og Frivillegssenter. Digital festival vart arrangert torsdag 25.september 2025 i Førdehuset. Tema var: Digital beredskap – trygg kvardag.

Vi hadde besøk frå Seniornett Norge, Kristin Moe (kontorsjef) som informerte om Seniornett. Stig Arve Hopland, SYS-IKT, snakka om Informasjonssikkerheit og Jan Bjarte Skrøppa, Politiet, snakka om Bedrageri på nett.

Instruktører

Gjennom året har Arne Sandnes og Knut Johan Mikkelsen vore faste instruktører for fredagsgruppene. Egil Nestande og Monrad Kolstad har instruert på torsdagsgruppene.

Instruksjon.

Årsmøtet i 2025 gav styret i oppgåve å utarbeide aktivitetsplanar. Då dei fleste medlemmene ville halde fram som før, delegerte styret denne oppgåva til instruktørane, som i samarbeid har utforma aktivitetsplanane. I haustsemesteret blei det forsøkt meir gruppeundervisning, kor medlemmane kunne hjelpe kvarandre.

Kurslokale.

Kjellaren på Førdehuset er vårt faste kursrom. Vi nyttar Musikkrommet når det er nødvendig.

Sosiale samlingar.

Våren 2025 blei sesongen avslutta i samband med årsmøte. Haustsemesteret blei avslutta med samling for kursdeltakarane i Peisestova på Førdehuset.

Studieforbund

Vi fekk innvilga 88 kurstimar med 175 kursdeltakarar med over 75% oppmøte i 2025.

Sluttord.

Kursdeltakarane er opptekne av å halde seg oppdaterte og følgje med på det som skjer i den digitale verda. Vi har halde fokus på kva som krevst av oss som Digital borgar. Det å kunne nytte internett trygt og prøve litt nye ting, har vore målet. Tilbakemelding frå kursdeltakarane seier at vi har komet eit godt stykke i riktig retning.

Så stor takk til instruktørane, kursdeltakarane og dei andre medlemmane som gjer det mogleg å drive Seniornett Førde vidare.

Digitalt signert - Førde den 4.mars 2026

Knut Johan Mikkelsen - leiar

Atle Øen - nestleiar

Kurt Grønli - forretningsfører

Helge Kjølstad - varamedlem